



I glasarbeida til Silje Margrete finn ein tiltrekningskraft og visuelle utfordringar. Gjennom fusingteknikken smeltar transparente og reflekterande overflater saman i flat posisjon. Glaset blir så ofte forma vidare til gjenstandar.

Eigenarten til kvar enkelt gjenstand kjem frå ein komplisert prosess der hun både dyrkar det mjuke glasset og nokre gonger tilsett metall, slik at overflata vert prega av tekstur som ein ikkje forventar av eit stykke blankt glas.

Ekstra interessant vert det når lyset får lov å vandre og bryte fleire gonger inn i naturelement ho har lagt i glaset.

Kunsten å skape eit stykke glas er ein balansegang mellom kjemi, fysikk og design. Difor kjem det godt med at Silje Margrete er utdanna sivilingeniør i tillegg til utdanninga innan kunst og handverk.

Alle kunstverka er bygd opp for hand og kvar gjenstand er unik.

